



Svein Horn
Monrad Mjeldes vei 39
5161 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2837 - 15/38280

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
28.12.2015

Løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 239/26 Eknes Ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 574/15

Tiltakshavar: Svein Horn

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg (ny stue) med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 34m² og bygd areal (BYA) ca. 36,5m². Samla nytt BYA er opplyst å vere 126,5m² og samla nytt BRA er opplyst å vere 115m². Utnyttingsgrad i % BYA er ikkje oppgitt.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid.

Det vert elles vist til søknad mottaken 08.10.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.10.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato. Vi beklagar sein saksbehandlingstid.

Planstatus

Eigedommen ligg i eit uregulert område innanfor det som i kommuneplanen 2011-2023 sin arealdel er definert som fritidsbustad. Grad av utnytting som vert lagt til grunn går fram av punkt 2.21 i nemnde plan. Samla bygd areal (BYA) for fritidseigedomen skal ikkje overstige 20 %-BYA. Samla bruksareal BRA for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 120m². Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA.

100m-beltet mot sjø

Eigedomen har i kommuneplanen 2011-2023 eigen byggegrense mot sjø som går foran det generelle byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. 1-8 tredje ledd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.07.2015.

På situasjonsplanen er tilbygget ikkje målsett. Plassering av tilbygget, avstand til nabogrense, FV 393 og privat veg, byggegrense samt plassering av leidningar er ikkje vist. Tiltakshavar har opplyst at minsteavstand til nabogrense er 4m, minste avstand til annen bygning er 9m og minste avstand til midten av veg er 13m. Frå kommunns side er det eit absolutt vilkår at avstand til nabogrense er 4 m. Kommunen legg tiltakshavars opplysningar til grunn for vedtaket. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

For ferdigattest stillast det vilkår at tilbygget visast på situasjonsplanen og målsettast i tråd med ovennevnte avsnitt.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser utviding av eksisterande bustad. Tiltaket er underordna eksisterande bygningskropp.

Teikningar

Teikningane visar ikkje tydelig ny/gamal situasjon. Ved utstedelse av ferdigattest stillast det vilkår at teikningane viser tydelig ny/gamal situasjon.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Godkjenning gjeld berre omsøkt tiltak, evt. andre bygningar synt på eigedomen er det ikkje teke stilling til.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav b) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til einbustad, løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.07.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Ved utstedelse av ferdigattest, skal ein målsatt situasjonsplan samt teikningar som viser ny/gamal situasjon, leggest ved.**
- 2. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2837

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Bruk av kartbasis	1* kr. 500,-	Kr. 500,-
10.3.1	Basisgebyr oppføring av tilbygg	1*kr. 6.000,-	Kr. 6.000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 6.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Horn

Monrad Mjeldes 5161
vei 39

LAKSEVÅG